

## To og to

Klokka ti på eitt ei natt i november, klikkar det for Edel. Ho har stått med armane i kors framfor vindauget sidan ti over tolv, og sett vekselvis ned på oppkøyrsla, og på klokka som ho har på armen. Ei god stund før dette låg ho i senga si med ei bok trykt inn til brystet og med hardt lukka auger, og følte seg god, stor, heilt opna opp. Så stod ho opp av senga for å måke, slik at Alvin skulle kunne køyre rett inn i garasjen utan å måtte stoppe og måke først. Ho ville *rekke ut ei hand* - ho måtte bruke dette uttrykket når ho tenkte på kva det var ho ville, det var ein klisjé, men heilt på sin plass, det var det ho ville: Ho såg for seg si eiga vesle hand som blei rekt ut, og Alvin si hand, Alvin si store, gode hand, som tok henne. Ho fekk tårer i augene ved tanken på desse to haldande hendene og alt det dei symboliserte. Og måkinga, måkinga symboliserte at ho gjorde plass til han igjen, gjekk det opp for henne. Ho gjorde plass til han igjen: etter at han hadde bede om tilgjeving og sagt at frå no av var det berre henne, og ingen andre, hadde ho late han få vere i livet sitt som far til Thomas, som ein ho delte hus med, som ein som ho nekta å sjå inn i augene til når dei åt frukost, og som ho innimellom sparka borti skoa til, når ho gjekk forbi dei i gangen. Ho måka og måka, og medan ho måka, såg ho opp på den doble garasjen og tenkte at garasjen symboliserte målet, no gjorde ho berre klar vegen for han, ho var garasjen han kunne kome heim til. Hennar vesle bil stod allereie parkert i den eine delen av garasjen, og når hans bil stod i den andre, var alt slik det skulle vere. Hennar vesle bil ved sida av hans store bil. Ho sprang opp til garasjen gjennom den umåka snøen og slo på lyset, og såg på den vesle bilen som stod der åleine og venta, og måtte gråte medan ho måka resten av vegen opp dit.

Dette var førti minutt sidan. No lavar det ned, snøen fell så tett at det ser ut som om snøflaka ligg oppå kvarandre, to og to, tre og tre, fire og fire fell dei gjennom lufta til dei landar heilt stumt og brått i snøen. Oppkøyrsla er attsnøa, på berre førti minutt. Og han ho måka for og gjorde plass til, er her ikkje, og det er eit skrikande faktum for Edel at ting *ikkje* er som dei skal vere: Han skulle ha vore her for førti minutt sidan. Den siste ferja la til kai klokka ti på halv tolv, og det tek tre kvarter å køyre frå ferjeleiet og hit - om ein reknar litt godt med tid: Han skulle med andre ord ha vore her klokka ti over tolv, då ho var ferdig å måke og stod klar og raudkinna ved vindauget, med eit storsinna og nesten forelska uttrykk i ansiktet.

Minutta som passerte etter klokka ti over tolv drog dette forelska uttrykket sakte ut av ansiktet hennar slik eit garn blir dradd ut av eit vatn, og i det trettiande minuttet over tolv var ansiktet hennar slett ikkje storsinna lenger, idet ho ringte til mobilen hans, og hørde den ringe inne i brødboksen på kjøkkenet. Då hylte ho av raseri, ho, som ikkje hadde noko raseri i seg for ein time sidan, då ho låg i senga og kjende seg god, stor, heilt opna opp, og kom på at ho skulle stå opp for å måke. Der fanst då, i det trettiande minuttet over tolv, ingenting her i denne kroppen med kryssa armar som kunne minne om den gode, lyse storleiken ho kjende opnast i seg for over ein time sidan, då ho låg i senga og las *Birthday Letters*, av Ted Hughes. Ted Hughes, engelsk poet, skreiv denne boka til si avdøde kone Sylvia Plath, (også ho poet). I denne boka gjev han uttrykk for kjærleiken sin til Sylvia, som tok livet av seg mykje grunna at ho kjende at den mangla, denne kjærleiken, ho meinte han ikkje elska henne, at han var utru, noko han var, og 11. februar 1963 la ho hovudet sitt inn i ein gassomn, og tok livet av seg. Engelsk presse og mange menneske har i alle åra etterpå halde Ted Hughes ansvarleg, og anklaga han for at han ikkje har villa snakke om det, ikkje ein gong for å uttrykke anger, be om orsaking, ikkje noko. Ein har gitt han prisar for poesien, men ein har sett på han med auger som sikkert har uttrykt det ein meinte om oppførselen hans, ganske tydeleg. Edel har vore av dei som har bore nag til Ted Hughes. Ho har elska Sylvia Plath, og bore nag til Ted Hughes. Ho har følt det som ei slags letting, at det også blant dei kjende poetane finst historier som tilsvarer hennar eiga. Ho, ein liten bokhandlar i ei lita bygd, har kjent seg att i ein kjend poet, Plath, - det *finst* band mellom folk, har ho tenkt: også dei vellukka poetane i dei store byane går heime og fortvilar, også dei vellukka poetane raser og kyler ting i vegg. At dei gret og kjenner seg små, små, og svikta, at dei vil vere steinar som søkk heilt til botns og blir liggande, har ho kjent som ei letting. Og så dette forferdelege: at Sylvia mistenkte Ted, og at ho hadde rett. Noko som vil seie at det går an: Å mistenke, og ha rett.

Men så las ho *Birthday Letters*. Med det største nag plukka ho ut boka med dei raude valmuene på framsida frå pappkartongen med bestilte bøker, og med den største motvilje opna ho boka og las det første diktet. Ho visste ikkje korleis det skjedde, men etter kvart som ho las, vart ho slått av dette; at trass i at han svikta, må han ha elska henne, har han *sett* henne, sett alle dei små og store tinga ho gjekk ikring og gjorde og kjende, og hadde ho berre visst *det*, Sylvia, når ho gjekk ikring og gjorde alle desse tinga som ho ikkje visste blei sedde! Når ho kom til det siste diktet viste det seg at dei raude valmuene på framsida viste til dette siste diktet, om dei raude valmuene som Sylvia

hadde elska og sett på som sjølv livssymbolet: Og i kveld, når ho, Edel, låg i senga og las det siste diktet, følte ho seg som den som såg det for henne, i ein straum av varme og mørker av denne stemma som såg og sa, som kvervla og kvervla nedover og nedover til ho til slutt nesten ikkje fekk puste av ei slags trykkande lukke, eller tristheit: Dette Er Livet, Ein blir Elsa og Ein blir Svikta i Det, Slik Er Det, Eg må Godta Det, Eg Godtek Det: Livet er Godt, Vondt, og **Fælt!** Ho tenkte: Dette er *godtaking!* Omgrepet "godtaking" strålte i hennar indre omtrent slik sollys brått stirar seg gjennom skylaget, opnar ei glipe og fløymer som eit lysande brudeslør ned i fjorden. Dette er *Gud*, tenkte Edel, og ho var nær ved å sprengast, ho heldt boka hardt inn til brystet og lukka augene og kjende seg heilt opna opp. Ho kjende seg også overvelda av noko anna, og måtte notere eit stikkord på eit ark: "Litteraturens kraft".

Årsaka til at Edel forlet den gode, store kjensla av omgrepet "godtaking" og i staden no har gått frå sans og samling, er at ho ikkje kan sjå, men ane, ein scene som utspelte seg i eit hus ved eit ferjeleie om lag samtidig med at ho måka oppkøyrsla, 45 minutt å køyre frå den doble garasjen som høyrer til oppkøyrsla. Scenen Edel idet ho klikka ante, men ikkje kunne sjå, såg slik ut: mannen hennar, Alvin, stod bak Susanne, som bur i det einsame huset ved ferjeleiet 45 minutt å køyre frå den doble garasjen. Dei var begge nakne, Susanne stod framoverlent og heldt seg fast i ein vindaugskarm. Alvin stod oppreist og heldt henne om hoftene. Alvin tenkte at det ikkje var meininga at dette skulle skje, det var ikkje meininga, han skulle køyre rett heim, han skulle ikkje stikke innom Susanne, berre for å seie hei, og høyre om ho var veldig lei seg for at han hadde slutta å kome, om ho hadde hatt det fint dette siste halve året, og seie at det var vanskeleg, nesten uuthaldeleg, å berre køyre forbi huset hennar når han var ferdig på jobb, at han stod oppe i førarhuset på ferga og såg om han kunne sjå inn til henne, kvar kveld når ho hadde lyset på og alt anna rundt var mørkt, og huset hennar liksom kom mot han som ei lita stjerne på himmelen, men at det som sagt ikkje gjekk lenger, han hadde ein familie å tenke på, Edel hadde truga med å gå frå han og ta Thomas med seg, og det ville han ikkje, han måtte ofre kjærleiken for Thomas, det var berre slik det var, dette var ting han skulle seie, han måtte ta ansvar for familien sin, det var det han hadde valt, etter lang og vond tid med mykje tenking og tvinging, han skulle ikkje bli med henne inn og stå her slik han no stod og heldt henne om hoftene med pikken pressa inn mellom beina hennar.

Thomas – som Alvin skulle ofre kjærleiken sin for, og for hans skuld ikkje stå slik han no står – søv. Han har gått ute i heile ettermiddag og selt lodd medan det snøa, og heile tida

tenkte han berre på Noahs ark, som han har hatt om på skulen. Han har tenkt på giraffar og leopardar. Han har tenkt på nasehorn, og drøymt om å klappe dei, og få sitte på ryggen deira, ta på nasehornet deira. Han har tenkt at den båten måtte vere enormt stor, ettersom læraren svarte ja når han spurde om den var større enn hotellet. Han har lurt på om det også var to maurar med. Og to lus! No ligg han sjølv samankrølla som eit lite foster og drøymmer om krokodiller. Krokodillene var nemleg også med, han spurde om det. Han drøymmer om ei diger krokodille som har lagt krokodilleegg i eit reir, medan Edel rasar gjennom stova, og spring opp trappene til soverommet. Ho kler på seg ei bukse og ein gensar, tek på seg sko, kyler *Birthday Letters* så hardt ho klarer i veggen. Det går for Alvin, utover rompa til Susanne. I eit krokodillereir stikk den første krokodilleungen seg gjennom dei harde eggveggene. Eit nasehorn står lenge og ser etter eit anna nasehorn, det berre gjekk plutseleg, ut av den store døra i arken, og nasehornet som blei ståande att veit ikkje kvifor. Thomas ropar til Noah: vent! Vent på det andre nasehornet! Han riv i kjortelen til Noah. Så spring han mot døra for å hente det tilbake. Nasehornet som blei ståande att går i bakken med eit stort dunk.

Thomas står i døra med bustete hår. – Det var noko som dunka, mamma, seier han. – Det var ei bok som eg kasta i veggen, svarer Edel. - Kvifor kasta du den i veggen, spør Thomas. - Eg var sint, seier Edel. - Det var ei dårleg bok. Ei elendig, elendig bok. Kle på deg, Thomas, vi må ut og hente pappa. – Kvifor det, spør Thomas. – Bilen hans har fått motorstopp og han kjem seg ikkje heim att. Skund deg, seier ho, og Thomas seier at han ikkje vil, han må sove! Viss han ikkje søv no, blir kanskje nasehornet vekke for alltid! - Du kan drøyme i bilen, seier Edel. – Men då er det ikkje sikkert at eg drøymmer det same! seier Thomas. – Jaudå. Eg skal hjelpe deg og kle på deg, seier ho, og tek han hardt i armen, ho dirrar i heile kroppen. – Eg vil drøyme det same! sutrar Thomas.

Susanne skjelv. Ho hakkar. - Alvin, seier ho og snur seg mot han og vil at han skal halde rundt henne. - Eg elsker deg, kviskrar ho inn i nakken hans, - eg visste at du ville kome tilbake. Han klemmer henne hardt og seier ingenting. - Eg kan ikkje seie det, seier han til slutt. - Du veit at eg har sagt at eg ikkje kan. Det ville vere feil. Du ville få forhåpningar, du veit, eg ville gjerne, men Thomas ... Ho nikkar og ser på han, han ser at ho ikkje er heilt glad. Men ho seier til seg sjølv at ho kan tåle alt, og at han skal sjå dette, på ansiktet hennar, kor storsinna ho er. Kanskje vil dette få han til å kjenne, inst inne, at han elsker henne, og at det er umogeleg, umogeleg å forlate henne. Ho ser på han med eit storsinna uttrykk i ansiktet.

- Faen må eg måke ein gong till! ropar Edel. - Faens drit drit *drit!*

Ho køyrer i snødrivet gjennom bygda, vindaugsviskarane går rasande fram og tilbake, det hopar seg opp snø i ein trekant under den eine, om ei stund må ho sikkert ut og børste det bort. Trekant! Sjølv sagt må det hope seg opp ein symbolsk trekant rett framfor augene hennar! Ho fnyser, Ted Hughes, ho fnyser, at ho kunne vere så dum. Å, *Livet*, liksom, Å, **Fælt**, Å, Godt, Å, Vondt, det er ingenting av dette, det er kun idioti, og drit. Og utanpå dette er det kroppar, skjelett med kjøt på som gjer dette og det, og ingenting heng saman. Dette, tenker Edel, og ler ein trist latter høgt for seg sjølv, skal eg seie på seminaret på mandag. – Mammaaa, klagar Thomas, ho vekte han, han ligg på tvers av baksetet med dyna over seg, han fekk lov til å ligge utan sikkerheitsbelte. – Sov no, seier ho. Ho har tatt nokre vektal i engelsk litteratur ved høgskulen i nabobygda, og har til no sett stor pris på seminaret "Symbolet i litteraturen". Det har vore sant, har ho følt, at ein ikkje skal kimse av symbolet og meine at det er ein avlegs, romantisk tanke, at ting skal kunne henge saman, uttrykket, og innhaldet, at noko skal kunne stå for noko anna; ei rose for kjærleiken, eit hav for livet, eit kors for døden, men no irriterer det henne, for når det går opp for henne at av dei to filene i vegen langs fjorden ut mot ferjeleiet, er det berre hennar som er måka, tenker ho straks at *er det slik det er*, er det det dette tyder, er vegen hans stengd, kjem han ikkje tilbake, er det berre ho som kan nå fram til han, men han kan ikkje nå fram til henne, er hans fil full av snø, er det slik det er? Ho blir motlaus, er det dette det tyder? Nei, ho nektar å lese denne vegen! Det er berre ein veg, tenker ho, ein idiotisk veg, utan overførbar tyding. Drit og idioti, og utanpå dette; asfalt. Ho skulle ønske ho hadde ein lodden terning hengande frå spegelen, eller eit wonderbaum, det mest meiningslause ho kan tenke seg, når ho kjem tilbake til bygda skal ho stanse på ein bensinstasjon og kjøpe eit wonderbaum, og det skal minne henne på dette, det skal markere denne kvelden då ho sa farvel til symbolsk tenking og til – kva, kva er det ho seier farvel til, i tillegg? Ekteskapet sitt? Men ho er jo på veg ut for å hente han tilbake, kvifor gjer ho det eigentleg, skal ho køyre tilbake og heller låse døra, så han kan sove i garasjen, skal ho slutte å køyre, skal ho berre stanse, kvifor reagerte ho på denne måten, det må vere det minst gjennomtenkte ho har gjort, ho berre gjorde det, og kva skal ho gjere no, skal ho køyre vidare? Ho sakkar farten idet ho nærmar seg ein stor sving, ho ser oransje pulsslag i trea på den andre sida av vegen, det må vere brøytebilen, ho er redd brøytebilar, så ho stansar nesten, og let brøytebilen suse forbi på

den andre sida, snøen susar ut over autovernet på den andre sida og treffer trea, og ho får tårer i augene, heilt ufrivillig, *for no blir hans fil også måka.*

Alvin ser på ansiktet til Susanne, ho ser så bedande ut at han blir skamfull, han kysser henne på kinnnet og går for å finne trusa si. – Kva har du gjort på i det siste, då, seier han, og Susanne plukkar opp bh'en sin frå golvet medan ho prøver å halde inn magen. – Ikkje så mykje, det same som før ... eller det vil seie... Ho kjem på noko, - Vent litt, seier ho, med eit opprømt blikk, ho dreg på seg trusa, og så nesten spring ho bort til cd-spelaren. Alvin syns plutseleg det er noko hjelpelaust over denne kroppen som i undertøyet står og bøyer seg ned for å sette på noko musikk, han får ei kjensle av at han ikkje får puste, han strammar beltet i buksa og tek på seg ytterjakka. – Du, eg må til å gå, Edel kjem til å klikke viss eg ikkje kjem snart, eg er lei for det, Susanne, seier han. Men Susanne høyrer ikkje på han, ho har sett på ein cd med salsamusikk, og byrjar å danse framfor han. Han må ikkje gå. Ho må få han til å bli. Ho må få han til å seie noko fint til henne før han går. – Eg har gått på salsakurs! seier ho og dansar nærmare og nærmare han, med eit utfordrande, men litt sjenert blikk. Ho tek han i hendene, han seier neeihh ... så ho slepper, og snur seg så ho står med ryggen til han, medan ho rullar på hoftene. Ho er litt nervøs, så det blir ikkje heilt fritt. Alvin blir så flau av henne at han går bort til den dansande ryggen og legg armene rundt henne, og seier at han *må* gå no, men at ho er flink til å danse, at ho må halde fram med det. – Eg er ein idiot, Susanne, seier han. – Nei, det er du ikkje, seier ho. – Du er den finaste eg veit. Han kysser henne i panna. – Det er mogleg eg reiser til Cuba snart, seier ho, sjølv om det ikkje er sant. – Då må du ha god tur, seier han.

Edel ristar på hovudet, ho vil ikkje tenke slik meir, ho vil ikkje lese ting symbolsk meir. Vi har forlate naturen, det er det vi har, tenker Edel, der ho køyrer sakte framover den no heilt brøyta vegen og snøvéret faktisk stilnar litt etter litt, ja, naturen er forlaten, og vi er dei skuldige, vi har gått inn i språket og blitt komplekse. Vi må tilbake til naturen, vi må slutte å lese bøker, vi må slutte å tolke, vi må slutte å tenke i overført tyding, vi må leve som dyr, vi må ete mat og sove. Vi må gje avkall på symbolet. Vi må i det heile slutte å tenke. Vi må leve i ein enkelt dimensjon. Ah! Ho er fornøgd. Ho kjenner seg gal. Eller ho veit ikkje om det er slik at ho fram til dette sekundet har vore gal, og at det er no ho får vitet tilbake. Ho har ei ekkel, glasklar kjensle i hovudet. Som om hovudet hennar er to vidt oppsperra auge som det bles kald vind inn i. Ho ristar på det. Mannen din har i kveld pult ei anna kvinne. Ho kjenner trang til å le. Og så må vi gje avkall på symbolet! Haha.

Jesus! Mumlar ho. Og ler igjen. For ein ting å mumle. Ho må i grunnen gråte. Ho må køyre ut på ei busslomme og sette seg til å gråte. Tenk, tenker ho der ho ligg framover rattet og grin, tenk om det ikkje er slik eg trur det er, men at han har køyrt av vegen. Ho ser bak på Thomas, han har sovna, han ligg med ansiktet inn mot ryggstøtta og ho ser berre håret hans stikke opp frå dyna, det ligg i ei lita vifte utover puta, og ho tenker at då blir han far-laus, då blir ho åleinemor, ho legg seg framover rattet igjen.

Alvin forstår ikkje heilt kva som skjedde. Han køyrer heimover langs fjorden, det har slutta å snø, oppover fjellsidene står granene nedtynga, vegbana er kvit, ingen har køyrt her sidan ploget, ser det ut til, ingen hjulspor i snøen. Gatelyktene står tause og med bøygde hovud i ei lang rad framover, han tenker seg at det lagar ein lyd når lyset frå kvar gatelykt treffer taket hans når han køyrer inn under dei, *bzzzzzzzzzt*, han tenker seg at det er røntgenstrålar som trenger gjennom taket og gjennomlyser han, slik at om ein såg det utanfrå ville ein sjå eit skjelett sitte og halde eit ratt og køyre langs vegen. Utanfor gatelyktene: ein mann. Inn under gatelyktene: eit skjelett. På, av, på, av. I eit slags uklart, grått lys kan ein no sjå høgrehanda med alle dei kvite knoklane røre seg manetaktig og gripe rundt girspaken, og gire. Og så kler han på skjelettet med raudblå musklar, blodårar og sener, slik han hugsar det frå eit bilete i anatomi-boka frå gymnaset som gjorde eit uutsletteleg inntrykk: eit menneske utan hud, men med berre musklar, blodårar og sener. Tenner utan lepper, augeballar utan augnelok. Av og til har dette biletet kome tilbake til han, til dømes då Edel skreik og raste og sa at no var det slutt, kunne han nesten ikkje høyre kva ho sa, han vart ståande og stire på henne, han forestilte seg henne som eit ansikt utan hud, men med raudblå, knytte musklar i kinna, over leppene og tennene. Han kjenner at han er varm, varm i kinna, avslørande varm, det vil ikkje gå vekk på den tida han har att å køyre heim, han veit det, for han har gjort det før, han burde eigentleg køyre ein lang omveg når han har kome inn i bygda, men det går ikkje, då vil det berre ta endå lenger tid før han er heime og Edel vil ha forstått alt, kanskje vil ho ha pakka trillekofferten slik ho gjorde sist, den fine, raude trillekofferten, og så ha kome på at den var ei gåve frå han og dermed stansa rett før ytterdøra, opna kofferten, tatt ut alle klea, sparka trillekofferten bortetter golvet så den treffe kommoden og blei liggande og gape som ein liten munn, slik ho gjorde sist, og deretter sprunge opp att på loftet og leita og leita heilt til ho fann den gamle bagen som var den første bagen ho bar klea sine i når ho kom og flytta inn hos han, slik ho gjorde sist, berre for å markere symbolsk overfor seg sjølv at no var ho tilbake hos seg sjølv, og så vekt Thomas og reist ned på hotellet, kanskje luktar det parfyme av han, heldigvis, tenker han, tok han henne

bakfrå, med minst mogleg hud frå livet og opp i berøring. Det var vel i grunnen berre den nedste delen av magen som var i kontakt med hofta hennar. Han ser for seg dei salsa-rullande hoftene til Susanne og blir kvalm. Han stansar bilen, midt på vegen, går ut av bilen, let døra stå halvvegs open, og går bort til vegkanten, snur seg med ryggen til, rettar armene ut frå kroppen, let seg falle bakover og ned i snøen. Det er mjukt. Om han ligg her ei stund, blir han avkjølt. Han vil ligge her og sakte men sikkert viske Susanne ut av hovudet sitt. For no, han kjenner det godt, er det slutt.

Susanne har kledd på seg joggedressen og opna ei flaske vin, ho sit i sofaen og prøver å tenke på det slik at ho har hatt ein elskar på besøk, og at ho er ei vaksen kvinne med eit rikt liv. Ho klarte å få han til å kome. Han kan ikkje kvitte seg med tanken på henne. Han kan ikkje kvitte seg med henne: Så sterk er den krafta ho er så heldig å vere utstyrt med. Men ho veit det ikkje nyttar. Ho prøver å ikkje tenke på det desperate i at ho dansa salsa for han. Ho prøver å ikkje tenke på det flau uttrykket i ansiktet hans når ho ville han skulle danse. Ho drikk glaset med vin i éin lang sup, med berre nokre få svelg. Det smakar alkohol. Susanne knip saman leppene og går bort til telefonen, slår opp i telefonkatalogen på eit reisebyrå. Ho forstår ikkje, tenker ho, at Alvin, som er den finaste ho veit, som er så kjenslevar og så observant, som har fortalt henne dei raraste tinga om alt han tenker på, kan kome slik og pule henne og så gå med eit flaut og hardt uttrykk i ansiktet. Og ho kjenner det godt, at han ikkje kjem til å kome tilbake. No er det slutt. Ho håpar han køyrer av vegen. Ho håpar han køyrer av vegen, og hamnar i fjorden. Ho slår nummeret til reisebyrået. Det er mogleg han køyrer av vegen, med all denne snøen. Reisebyrået har stengt, dei opnar igjen i morgon klokka 08.00, og ho kastar seg ned på golvet. Ho lurar på om ho skal åle seg bortover mot sofaen, ho ligg på golvet og liksom ser seg sjølv åle seg utmatta og fortapt som ein soldat i ei gjørmete slagmark bort til sofaen, men ho veit at det ikkje er sant, det sanne er at ho ligg på ryggen på golvet, at ho ser opp i taket, at det svir i halsen og at tårene renn ut av augene og ned i øyrene.

*Jau*, seier Thomas. Det manglande nasehornet har ikkje kome tilbake, og Thomas får ikkje lov til å gå ut av arken. Noah er så stor at han nesten når opp til taket, og han seier strengt at det er umogeleg å gå ut, det har byrja regne, dei må snart stenge døra. Thomas prøver likevel å gå mot døra, men golvet vrimlar av babykrokodiller, så han sklir og ramlar og kjem seg ikkje framover. No ser han at det ved sida av den store døra er det ei slik heis som det er på hotellet, han kan sjå at ho er på veg nedover, for over heisdørene lyser talet på etasjane, han tenker at det kanskje er nasehornet, 2, 1, pling:

det er to øgler. Øglene vraltar seg framover babykrokodillene. Edel løftar hovudet frå rattet. Ho startar bilen att og svingar ut på vegen. Faens drit, mumlar ho.

Faens drit, drit, *drit*.

Alvin har laga ein engel i snøen, noko han etter kvart synst symbolsk sett er eit stort paradoks. Det får han til å tenke på Edel, det får han til å ville grine, utan å få det til, han reiser seg opp, dreg knea opp, og sit krøkt i sin eigen engel. Ei patetisk og overtydeleg stilling, tenker Edel då ho køyrer opp på sida av han, og han ikkje har sett opp enno. Han ser opp. Han ser ikkje overraska ut over å sjå henne her. Ho stansar bilen, går ut, stiller seg opp framfor han. – Kva har skjedd, seier ho. Han slår ut med armane. Dreg inn snår. – Dette, seier han. – Eg har laga ein engel i snøen. – Din jævla drit, seier ho, og må nesten le, ho reagerer ikkje som ho hadde trudd ho skulle, ho har sett for seg denne scenen, og den gjekk ikkje slik, der ropte og skreik ho, og der fall han saman på bakken, men no kjennest det nesten som om ho ikkje er her, og ho syns det heile er komisk. – Det er slutt, seier ho, utan å kjenne noko, og går for å sette seg inn i bilen, hovudet hennar er glasklart og kaldt, nesten lett. Føtene er også lette. – Eg fekk motorstopp! ropar han, og kjem etter henne. - For faen, Edel! Eg har stått her i nesten ein time! Og eg kunne ikkje ringe, for eg finn ikkje mobilen min! Og eg sat her og venta på hjelp, men ingen kom. Den glasklare, lette Edel smiler. – Det skulle eg ha likt å sjå, seier ho. Alvin seier ingenting, set seg inn i bilen, det dirrar i hendene når han vrir om nøkkelen, for no er det slutt.

Men bilen startar ikkje.

Bilen rusar berre så vidt, fleire gongar, men startar ikkje. – Som du ser, seier Alvin. Edel seier ingenting. Blodet er i ferd med å strøyme ut i beina hennar igjen, og inn i hovudet hennar, gjennom kinna. Ho ser på han, kremtar. Ingenting av det som skjer no, var slik ho hadde tenkt seg det. Ho veit ikkje om det er sant. – Flytt deg, seier ho, og set seg inn i førarsetet i bilen hans, det er kaldt, så han kan ikkje ha stoppa nettopp, han må ha stått her ei stund. Det er kaldt i bilen. Ho vrir om nøkkelen, bilen reagerer berre så vidt. Det er sant. Han har fått motorstopp. Ho veit ikkje kva ho skal gjere med det. Ho har køyrt langs fjorden for å hente han, skjelle han ut og forlate han, eller hente han, eller forlate han, og vegen hennar blei måka først, og så blei hans veg måka, slår det henne, det skjedde jo faktisk. Det skjedde jo faktisk. Ho går bak i bagasjerommet, hentar eit slepetau, og gir det til han. Alvin står og ser på Thomas som søv i baksetet, og prøver å vere som ein

som har hatt motorstopp og site i snøen i ein time. – Kva har han gjort på i dag då, spør han, lett, og kremtar. – Han har hatt om Noahs ark og selt lodd, svarer Edel. – Kom og sjå på han, seier Alvin. Edel stiller seg opp på sida av han og ser inn på Thomas. Han ligg med armene utstrekt over hovudet, opp mot ryggstøtta, og søv. Om lag slik Susanne ligg på golvet, og ikkje kan ane at det vonde trykket som ho kjenner i brystet, er det same trykket som er plassert i brystkassene til Edel og Alvin akkurat no, der dei står side om side.

Edel køyrer den vesle bilen, og sleper den store, som Alvin styrer. Ho nektar, tenker ho, å lese dette symbolsk. Det er berre slik det er. Dei køyrer langs fjorden. Det er natt. Dei er tre stykker. At det er eit tau mellom bilane, uttrykker ingenting anna enn eit fysisk faktum: dersom ein bil har fått motorstopp, må han tauast. Dette forstår eg ingenting av, tenker Alvin. Han kjenner seg sett av eit større blikk, som om nokon ler av han: han sa han hadde fått motorstopp, då skal han få det. Då skal han søren meg få det. Han lener seg fram mot frontruta for å sjå om det er stjerneklart, men blir blenda frå lyset av lyktestolpane, som står tause i ei lang rad framover og med bøygde hovud gjennomlyser bilane. I jamne glimt langs vegen kan ein såleis først sjå eitt skjelett, eit vakse, som sit, deretter eit barns skjelett som ligg på tvers, og til slutt eit vakse skjelett til, som sit i meir eller mindre bein linje frå det første skjelettet. Dei vaksne skjeletta held armene framfor seg, dei held kring ratt, barneskjelettet held kring ingenting, men har armene strekt opp over hovudet. Ein kan også sjå eit større skjelett, som står på fire bein, og som har eit stort nasehorn, det står ved sida av barneskjelettet. No kjem det inn eit liknande skjelett frå venstre, til det første nasehornskjelettets overrasking, for det løftar på hovudet og ser avventande på det nasehornskjelettet som kjem gåande. Dei står eit sekund og ser på kvarandre, og så gnir det eine nasehornet seg mot det andre. Eit par antilopeskjelett kjem vandrande, og tigerskjelett, og løveskjelett, lenger ute kjem dei små skjeletta av eit par kattar, og av hundar, og vi ser ei mengd små krokodillekjevar, som bit barneskjelettet i beina, så det ler og ristar på seg. Om det var slik at røntgen også kunne vise konturane av andre ting enn solid, gjenstridig masse, ville ein også sjå konturane av ein diger trebåt, der to og to skjelett stod saman i fleire etasjar, to for kvart dyreslag. Eit stort menneskeskjelett løftar armen, og så kan alle saman kjenne korleis det dei står på, lettar seg frå grunnen, og startar flyte bortover.

